



Ansvarlege politikarar
gjev mat frå heile landet

NORGES BONDELAG





Valåret 2009

Vi ynskjer å sette mat og landbrukspolitikk på den politiske dagsorden før valget i september. Gjennom denne brosjyren stiller vi ei rekkje spørsmål vi stiller til partia og framtidige stortingsrepresentantar. Spørsmåla er viktige for landbruket, for næringsmiddelindustrien og for forbrukarane. Vårt mål er å informera og bevisstgjera deg som politiskar om tydinga av norsk landbruk frå jord til bord. Vi vil vise korleis jordbruket kan medverke i løysinga av dei utfordringar som samfunnet står ovanfor.

Verda ser annleis ut no enn ved førre stortingsval. Klimakrisa er ei overskuggande utfordring, finanskrisa vil gje store konsekvensar, òg i realøkonomien, og stabil global matforsyning er ikkje lenger sjølvsgatt. Matkrisa går ikkje over av seg sjølv. Vi treng ein politikk som set matproduksjon og forsyningssikkerheit i sentrum.

Med helsing

Bonde og leiar i Norges Bondelag

Mat er ikkje som spikar

Mat er ikkje som andre varer. Vi kan klare oss utan spikar og datamaskiner, men ikkje utan mat og vatn. Jorda har avgrensa ressursar for matproduksjon,

og produksjonen kan ikkje aukast eller minkast over natta ut frå etterspurnaden neste dag. Landbruk er langsiktig, og ingenting er viktigare enn å produsere mat.

Kor viktig meiner du og ditt parti at matproduksjon og landbruk er for Noreg som nasjon?



- Alt landbruk er basert på gjennomtenkt arealforvaltning.
- Grunnmuren i det norske landbruket er omkring 50 000 gardar og familiebruk over heile landet.
- Vi produserar mjølk, kjøt, korn, egg, grønnsaker, frukt og bær og driv skogbruk.
- Gardsbruka spenner over alt frå høgt mekanisert kornproduksjon til tradisjonsrikt utmarksbeite som gjev verdas beste lammekjøt.
- I den jordbruksbaserte næringsmiddelindustrien arbeider det om lag 30 000 menneske, som kvar dag forsyner daglegvarebutikkane med ferske, gode matvarer.
- Oppslutninga om norsk landbruk er massiv i befolkninga. 89 prosent ynskjer å oppretthalde eit landbruk av minst same omfang som i dag.

Kjære partileiar, Kjærleik til norsk mat



Mat er så mykje; det daglege brød, matpakka på skulen, middagar i familien, festmåltid for vener og kjende, lunsj på jobben, gamle tradisjonar og nye inspirasjonar. Mat, matproduksjon og matlaging er kjenneteikn på sivilisasjonen i alle land og i alle kulturar. Du er det du et.

I Noreg har vi laga mat mot alle odds i uminnelege tider. Korte somrar, lange vintre, avgrensa matjord og lange avstandar har prega kosthald, matkultur og matproduksjon i Noreg. No er Noreg eit moderne og høgteknologisk samfunn, ope for nye impulsar, kulturar og metodar. Men framleis er fundamentet for mat og matkultur vår eigen produksjon av korn, kjøt, meierivarer, poteter, frukt og grønt.

Over halvparten av maten vi et er basert på norske råvarer, som kjem frå gardar over heile landet. Folk flest er trygge på dei norske matvarene, og brukar dei både i tradisjonelt kosthald og i kjøken prega av grenselaus inspirasjon. Nordmenn brukar mindre av inntekta si til mat enn dei fleste andre i Europa. I dag brukar vi knapt 11 prosent av inntekta på mat, mot ca 40 prosent i 1960.

Utviklinga i verda syner kor viktig det er å ta vare på og styrke matproduksjonen i Noreg og i andre land. Det er aukande konkurrans om den maten som er tilgjengeleg. Det er for lite mat i verda, og sjølv i Noreg er det underdekning på viktige matvarer. Av mange årsaker er kostnadene ved matproduksjon auka kraftig dei siste åra.

Mattradisjonane vert endra etter inspirasjon frå andre kulturar og tradisjonar, men utfordrast samstundes av standardisert fastfood som overkøyrer både kvalitet og kultur. Mat, matkultur og matkvalitet er ikkje lenger sjølvstekt.

Matproduksjon i Noreg er bærekraftig. Berre tre prosent av Noreg sitt totale areal er brukande til matjord. Difor må vi produsere på den matjorda vi har, i nord, i sør, i aust og i vest. Produksjon av mat er å sette naturen i arbeid, å produsere og levere fornybare ressursar. Denne forma for bærekraftig produksjon er særleg viktig i ei tid prega av klimaproblematikk og finansiell uro, der mange andre verdiar tykkjast å vere kortsiktige og forgjengelege.

Vår bodskap, uavhengig av politisk oppfatning og ståstad i samfunnet, til deg som partileiar er:

- Vi må styrke produksjonen av mat og matkulturen i Noreg, og medverke til auka produksjon av mat i andre land.
- Vi må ha bønder og gardar over heile landet, verne matjorda mot nedbygging og bruke utmarka endå betre.
- Vi må satse på den norske matforedlingsindustrien over heile landet, fremme kokkekulturen og kosthaldskunnskapane i allmennutdanninga.
- Vi må dyrke norsk matkultur og gjere den rikare med verdifulle inspirasjonar frå eit fleirkulturelt samfunn og ei grenselaus verd.
- Vi må lage maten vår sjølv!

Guro Huseby og dei andre deltakarane i Jakten på kjærligheten på TV2 i 2008 sluttar opp om appellen "kjærlighet til norsk mat". - Det handlar om vår framtid som bønder, men det handlar like mykje om å kunne gje forbrukarane gode matopplevingar og trygg matforsyning i ei verd der matressursane er under press, seier Guro Huseby om kvifor ho støtter Bondelaget sitt initiativ.



Vi får Noreg til å gro

Jordbruk og skogbruk er å setta naturen i arbeid. Det norske landskapet er forma gjennom tusener av år med aktivt jord- og skogbruk, av beitande dyr i innmark og utmark. Det opne kulturlandskapet mellom skog, fjell, dal og fjord er skapt av gardsdrift. Landbruket er også hovudgrunn til at Noreg framleis har levande bygder og levande bygdetradisjonar over heile landet.

Landbruket bidreg med miljøverdiar, eit levande kulturlandskap, biologisk mangfald, opplevingar, infrastruktur og busetting og sysselsetting i distrikta. Landbruket har i dag verktøykasse bestående av både økonomiske verkemiddel og reguleringar heimla i lovverket. Desse verkemidlane er tilpassa vårt langstrakte og klimatisk utfordrande landskap.

Kor viktig meiner du og ditt parti eit familielandbruk med små og store bruk er?

- I 2008 var det 48.800 aktive gardsbruk.
- Bonden forvaltar 10,3 mill dekar jordbruksareal. Dette utgjer 3,4 prosent av totalt areal i Noreg.
- Sjølvforsyningsgraden er ca 50 prosent, den er bortimot uendra dei siste 25 åra.
- 2,2 mill. sauer skjøtter kulturlandskapet.
- Mjølka kjem frå 250.000 mjølkekyr og vert levert av 13.700 mjølkeprodusentar over heile landet.
- Dei offentlege tilskota er størst der det er dyrt og vanskeleg å produsera mat. Dette er for å sikre levande landbruk i heile landet.
- Landbruket utgjer om lag 4 prosent av den totale sysselsettinga, og har ei verdiskaping på rundt 70 milliardar kroner årleg.


Verda treng meir mat

FN sin organisasjon for mat, FAO, meiner det er behov for å auke matproduksjonen med 60 prosent frå år 2000 til 2030. Mykje av matproduksjonen i verda er truga av klimaendringar. Matproduksjon er sårbar og heilt avhengig av naturgjevne vilkår. Det betyr at vilkåra for konkurranse i matproduksjonen aldri kan bli like. Mat bør difor ha andre internasjonale handelsreglar, og andre former for støtte og vern enn industrivarer. Desse reglane må bygge på at alle land må ha rett til berekraftig matproduksjon til sine innbyggjarar.

Klima og geografi i Noreg, samt det høge kostnadsnivået, gjer at det er dyrare å produsere mat i Noreg enn i mange andre land. Produkter frå bønder og arbeidarar i næringsmiddelindustrien blir dyrare enn på verdsmarknaden. For å sikre matproduksjon til eiga befolkning, treng vi tollvern.

Vi treng ein nasjonal jordbrukspolitikk tilpassa dei naturgjevne vilkåra for produksjon og tilgang til å bruke støtte og marknadsordningar for mat produsert til eige forbruk.

Kor viktig meiner du og ditt parti det er at alle land må ta ansvar for ein eigen matproduksjon?

- 
- Tollsatsane på landbruksprodukt er i samsvar med WTO-avtala.
 - Gjennom EØS-avtalen er det importkvotar frå EU til låge tollsatsar for ei rekkje landbruksvarer. Sidan EØS-avtalen vart inngått i 1993 har handelen med jordbruksvarer auka betydeleg i EUs favør. Av Noregs totale import av matvarer kjem no rundt 70 prosent frå EU.
 - Dei 50 fattigaste landa i verda (MUL-landa) har tollfri tilgang for landbruksprodukt til Noreg.

Bergens Tidende
www.bt.no

SPESIALE FORKUNNING, TILSATT OG FORORDNING 68 18. JANUET FOR 2009, 68 28

Vi spiser mer mat enn det vi makter å produsere.
Hva skjer når verdens matvarelagre er tomme?



matkrisen
Leder: Bill Clinton
18. januar 2009 kl. 12:00

SPESIALE FORKUNNING Av gårdene i verdens matkriseland på 40 millioner tonn i 2007 gikk ned til 30 millioner tonn i 2008. For denne katastrofen har de utviklet et alternativt system som kan hjelpe de fattige i disse landene. Det er et alternativt system som kan hjelpe de fattige i disse landene. Det er et alternativt system som kan hjelpe de fattige i disse landene.

Frå Bill Clinton si tale i Roma hos FAO, 24. oktober 2008

“Food is not a commodity like others,” said Clinton, who heads an international non-governmental organization bearing his name. “We should go back to a policy of maximum agricultural self-sufficiency,” Clinton said. While there would always be a global market for crops like rice, wheat and corn, he added, “it is crazy for us to think we can develop a lot of these countries where I work without increasing their capacity to feed themselves and treating food like it was a color television set. ...only agricultural self-sufficiency could take a significant bite out of world hunger and stave off future financial woes.”

Vi bygger landet

Med landbruksproduksjon over heile landet medverkar vi til å oppretthalde og skape arbeidsplassar. Bønder og tilhøyrande næringsmiddelindustri sysselsett over 100.000 personar. For dei to neste tiåra er det rekna ut at behovet for mat i Noreg vil auke med om lag 20 prosent.

Dessutan er det mykje meir enn matproduksjon som skjer på norske gardar. ”Inn på tunet”-tenester, energiproduksjon gjennom vasskraft, biogass og biomasse, reiseliv og lokalmat har alle potensial til å bøte på den lavkonjunkturen vi er inne i.

Kor viktig meiner du og ditt parti landbruket er for verdiskaping og sysselsetjing i distrikta?



Landbruk er ei politisk næring

Landbruket i Noreg er ei politisk næring som er tillagt mange oppgåver utover det å produsera mat.

Som andre yrkesgrupper, forhandlar norske bønder om inntektsmulegheiter, insentiv og rammevilkår. Jordbruksopp-gjeret handlar om å skape større lønsemd og betre velferd for aktive bønder, om å bidra til satsingsvilje og framtidstru slik at det blir fleire, ikkje færre bønder.

Men jordbruksforhandlingane handlar på same tid om forbrukarane sine interesser. Overføringane fører til rimelegare mat og meir stabile priser.

Om overføringane styrkast, endrast mulegheitene for at vi kan utvikle landbruket, forvalte naturressursane og auke produksjonen. Det er spesielt viktig i åra framover, fordi vi veit at det er aukande konkurranse om råvarene og matjorda i verda.

Dei siste førti åra er talet norske gardsbruk redusert frå 155.000 i 1969 til 48.800 i 2008. Totalarealet i drift er det same, og produksjonen er mangedobla. Norske forbrukarar vil ha meir av norske produkt frå landbruket. Difor må vi satse meir på næringa, ikkje mindre. Vi forhandlar ikkje berre for oss sjølve, men for deg og.

Ynskjer du og ditt parti å halde fram med årlege jordbrukhandlingar?

- I jordbruksforhandlingane forhandlar bøndene med staten om budsjettoverføringar, matprisar (målprisar) og utviklingsprogram. Jordbruksavtala er om lag 12 mrd. kroner, dvs. 1,2 prosent av statsbudsjettet.
- Målprisar er ikkje kva du betaler i butikken, men kan forenkla forklarast som prisen bonden maksimalt kan oppnå for produkta sine. Målprisen for mjølk er 4,41 kr per liter.
- Norske hushald brukar 11,3 prosent av inntektene sine på mat og alkoholfri drikke. Til samanlikning brukar svenskane 12,2 prosent og franskmennene 13,2 prosent.
- Norske matvareprisar er blant dei mest stabile i heile verda. Dette er takka vere reguleringssystem som vernar både bonden og deg som forbrukar.

Bønder jobbar meir for å oppnå same inntekt som lønsmottakarar

Forbrukarane etterspør norsk kvalitetsmat. Vi vil levere ferske matvarer i eit breitt utval i heile landet. Då må og styresmaktene leggje til rette for norsk matproduksjon med langt betre rammevilkår enn i dag, - vilkår som medverkar til betre lønsemd, tru på at det

nyttar å satse og sterkare rekruttering til ei levande og framtidretta landbruksnæring.

Ingen vil arbeide gratis for det daglege brød. Auka inntekt er ein viktig faktor for å sikre nyrekruttering og hindre avvikling av enda fleire gardsbruk.

Vil du og ditt parti utlikne inntektsgapet mellom bønder og andre grupper?



- 2/3 av produksjonsinntektene i jordbruket kjem frå mjølk og kjøt.
- Dei siste ti åra har arbeidseffektiviteten i landbruket auka med 4,1 prosent - kvart år.
- I dei siste ti åra har inntektene i jordbruket auka med 26 prosent. Grupper det er naturleg å samanlikne seg med, har auka lønna med 46 prosent i same periode.
- Bøndene får 2/3 av inntekta si frå varene dei sel, resterande er statlege overføringar.
- Løn per årsverk i landbruket 2008 var 200.000 kroner. Den gjennomsnittlege lønsmottakar hadde i 2008 ei årsinntekt på ca 400.000 kroner.
- Born med odel som ikkje vil overta familiegarden seier at kostnaden i form av pengar og innsats vil være høg i forhold til inntektsmogelegheiter.

Mykje meir enn fjøs

Landbruket i Noreg er mangfaldig og verdiskapinga kjem frå mange område. Tradisjonell matproduksjon representerar ein stor del av verdiskapinga, men har du nokon gong tenkt på kven som har brøytta vegen inn til hytta di på fjellet? - Eller fortauet i byen? Eller at bonden leverer helse- og sosialtenester i kommunen din? Straumen du brukar kan like godt kome frå eit minikraftverk tilknytt ein gard som frå storindustrien.

Norske bønder tilbyr mykje meir enn mat. Vi leverer eit bredt spekter av tenester som er heilt nødvendige for å oppretthalde næringsverksemd og gode velferdstilbod i distrikta.

Landbruket spelar difor ei sentral rolle og utanom den tradisjonelle matproduksjonen.

Kva vil du og ditt parti gjere for å vidareutvikle landbruket som tilbydar av nye tenester?



- Bortimot 500 gardbrukare med traktor brøyter snø for offentlige og private i Oslo vinterstid.
- 3000 bønder og produsentar produserar lokalmat til ein verdi av 1,6 milliardar kroner årleg.
- I Inn på tunet skipar gardsdrift, dyr og natur ramma for aktivitetar lagt til rette for ulike grupper av brukarar. Inn på tunet er gardsbaserte tilbod som byggjer på samarbeid med oppvekst-, utdannings-, helse-, eller sosialsektoren. Gjennom Inn på tunet bidreg landbruket til å løyse kommunen sine lovpålagte oppgåver.



L. Björnsdal
26/10 2016

5007

Ferielandet med særpreg og levande bygder

Som reisande ynskjer du å oppleve ein stad sin eigenart og karakter. Folka du treff, dei historiene som vert fortald og spora etter tidlegare generasjonar er del av opplevinga. Den reisa vi tek er ikkje berre ei reise i landskap og geografi, men og i mat og opplevingar. Lokal mat og matspesialitetar er med på å forsterke og underbyggje profilen av Noreg som reiselivsnasjon. I krysningspunktet mellom landbruk og reiseliv ligg det eit stort potensial for auka verdiskaping og innovasjon.

Eit attraktivt ferieland er avhengig av eit levande landskap og levande tradisjonar - ikkje kunstige kulissar. Vi er kort og godt avhengige av at bonden skal halde fram med å vere bonde - over heile landet. Til dette treng vi gode og langsiktige rammevilkår for eit levande landbruk som gjev mogelegheit for å satse på reiseliv som ein del av gardens verksemd. Vi må få ei tilpassing i lover og regelverk som fremmar investeringslyst, nyskaping og vekst i bygdebasert reiseliv og i lokal produksjon av matspesialitetar.

Kva vil du og ditt parti gjere for at Noreg skal vere eit attraktivt turistland med levande bygder og gardar i drift?



- Det grøne reiselivet byr på ekte natur- og kulturopplevingar med basis i ressursane i bygda og på garden. Etterspurnaden etter denne typen produkt og tenester er i vekst.
- Å leggje til rette for eit lønsamt og levedyktig landbruk skaper gode vilkår for konkurransedyktige og marknadsretta reiselivsprodukt.



Leigending eller sjølveigande bonde?

Landbruket i Noreg byggjer på aktive og sjølveigande bønder. Det er avgjerande at aktive bønder eig arealressursane i jord, skog og utmark som er grunnlaget for deira næring og for verdiskaping og busetting i distrikta.

Dagens lovverk tryggjer det langsiktige og personlege eigarskapet. Med bu- og driveplikt hindrar vi at landbrukseigedomar vert splitta opp ved generasjons

skifte og i varetek at arbeid og kapital vert forvalta med ein lang horisont.

Landbruket er ei langsiktig næring, og arbeid og kapital som vert lagt ned kan ofte ikkje haustast før av neste generasjon. Odelslova gjer tilhøva ved generasjonsskifte kjende og beregnelege. Den motverker og at landbruksareala vert ordinær handelsvare og spekulasjonsobjekt.

Vil du og ditt parti oppretthalde regelverket for odel, konsesjon og bu- og driveplikt?



Norges Bondelag
Postboks 9354 Grønland, 0135 Oslo
Tlf.: 22054500
bondelaget@bondelaget.no
www.bondelaget.no

Februar 2009
ISBN 978-82-7712-069-0
Opplag: 6000 (Nynorsk)
Foto: Se og Hør, Odd Mehus, Siri Juell Rasmussen,
Arild Kristiansen, Cesilie Asp, Norges Bondelag

NORGES BONDELAG

